

Vedproduksjon på nytt AFA-areal

14.04.2009



Området som AFA no har kjøpt skal utstikkast og opparbeidast i nær framtid. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dagleg leiar Tor Vidar Sæle ved AFA har no fått grønt ljøs frå ordførar Synnøve Solbakken for slutføring av kjøpet av naboTomta på 1,3 mål av Tor Eik (Endregård). Saka har enno ikke vore oppe i kommunestyret, men det vil vera ein rein formalitet etter at formannskapet gjekk samrøystes inn for refinansiering av eit lån på 400.000 kroner. Sæle opplyser til Uskedalen.no at området skal nyttast til vedproduksjonen, som er prega av plassmangel.



Gleda var stor då AFA i februar var tildelt dei fem APS-plassane. Her står frå høgre dagleg leiar Tor Vidar Sæle, NAV-leiar Arild Berg, ordførar Synnøve Solbakken og styreleiar Hans J. Berge. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen skal stikka ut arealet med det første og så vil området bli planert og få fast dekke. På sikt vil ein så vurdere å sette opp ein bygning der. Garasjen på området skal framleis nyttast som lager.

Det var også ein annan interessant inne bildet i samband med salet av dette området, men han var berre interessert hvis AFA ikkje var det.

Plassmangelen hemmar fleire aktivitetar ved AFA og ein av dei er vaskeriet som er svært "trangbodd". Når bankfilialen no har avvikla får AFA 120 nye kvadratmeter til disposisjon og vaskeriet vil bli flytta ned i desse lokala, opplyser Sæle.

Han ser her for seg ein betydeleg auke av produksjonen og eit meir utadretta tilbod mot verksemder og publikum. Allereie no har AFA avtale med fleire verksemder, barnehagar og skular om vask, men her ligg det betydelige moglegheiter for vidare ekspansjon.

Men AFA har allereie ekspandert mykje i det siste. No er det 43 ansatte der medan det var 30 då den nye daglege leiar tiltrådte for halvtanna år sidan. Den siste tilsette er attføringsleiaren, som skal tiltre 4. mai. Ho heiter Inger Eskeland og er frå Rosendal . Ho arbeider no på Rosendalstunet medan ho tidlegare mellom anna har vore leiar ved aldersheimen på Varaldsøy, Ein hovudoppgåve for henne blir å ta seg av den nye gruppa på fem personar (APS) som har vore langtidssjukmelde og som skal førast attende til arbeidslivet.

Men ho får også oppgåver knytta til VTA-plassane (varig tilrettelagd arbeid).

Av Ola Matti Mathisen